



Uskedelingar på Nåsotur. Foto. Janne Yri

Kvinnherad Turlag har forlenget sendt ut programmet for dette året og fjella våre spelar ei stor rolle som naturleg er. Nåsø er til dømes målet 6. april då den klassiske vårskituren skal gjennomførast frå Tveitedalen - denne gongen med Ole Horn som leiar. Englafjell står for tur 24. august og då går Jostein Grov i spissen via Eikedalen og ned att til Fet.

Festidalen freistar att med Festifjellet 3. august og håpar vergudane er med på laget denne gongen.

Barnas Turlag lokkar med skeising på Fjellandsbøvatnet og datoen er naturleg nok ikkje bestemt men Gøril Samland Eik er leiar for opplegget.

Desto sikrere er det som skal skje 2. august for då er det klatring inne!

Fjellsportgruppa slår til med combocamp 25.-27. april og pakka inneheld både skikøyring av det spektakulære slaget, god mat, føredrag og musikk. Også i år er Dønhaug basen men også Elins Matgleder er partnar i opplegget.

Seniorgruppa ligg slett ikkje på latsida heller og har til dømes Alpane på programmet 11. juni!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Turprogram 2014 for Kvinnherad Turlag
Klyppekort til Kvinnherad Fjelltrim innlagt

TA TUREN 2014



Kvinnherad Turlag
Bergen og Hordaland Turlag



